



# Kommuneplan Samnanger kommune 2007 - 2017

*Samnanger  
der du vil leva og bu*





## Innhold

Plangrunnlag.....	4
Folketalsutvikling.....	5
Kommuneøkonomi.....	5
Historiske utviklingstrekk.....	6
Samnanger Kommune - 100 år som tenesteytar i 2007.....	9
Samnanger i dag .....	7
Utfordringar – moglegheiter .....	10
Visjon .....	13

## Satsingsdråpane

Levekår .....	14
Bustad .....	20
Arbeid /næring .....	24
Infrastruktur .....	28
Kommuneorganisasjon .....	34
Marknadsføring .....	39

## Vedlegg

## Føreord

**Denne planen teiknar, fortel og handlar om framtidsbiletet, draumen og visjonen for**

## **Samnanger kommune – der du vil leva og bu.**

”Det er den draumen me ber på at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje -  
at tidi skal opna seg, at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg, at berget skal opna seg,  
at kjeldor skal springa -  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgenstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.”

(Olav H. Hauge)

Planen har vorte til gjennom ein spennande og skapande prosess der folkevalde, tilsette og innbyggjarar har utfordra seg sjølve og kvarandre. Fakta og tal, utvikling og teknologi, framtidsbilete og draumar har vore stikkord. Identitet og sær preg har vorte vektlagt. Det heile er vove inn i og prøvd synleggjort gjennom dråpane i kommunevåpenet vårt. Vassdråpane, gulldråpane skal framleis vera satsingsdråpar med kraft i seg til å bera Samnanger inn i framtida.

Eg håpar at mange vil gjera seg kjende med planen og la seg inspirera til aktiv deltaking i lokalsamfunnsutviklinga fram mot 2017. Då kan Olav H. Hauge sin draum slik han er sitert ovanfor verta eit Samnanger me kan vera stolte over å få leva og bu i.

Me vil verta fleire samningar! Me vil vidare la oss utfordra til å opna både ”hjarta” og ”berget” i det å byggja Samnanger som internasjonal kommune. ”Kjelder” skal springa fram gjennom styrka mot til å våga å satsa. Kreativitet og nyskaping skal forløysast.

”Den som skal skapa noko nytt må ut å gå,” skriv forfattaren Thomas Espedahl. Når mange er ute og går, vert det spennande å sjå korleis ”VÅGEN” (Jfr. Haugediktet) framstår når morgenstunda i 2017 er her. Eg trur ei positiv overrasking ventar på oss i Samnanger!

Marit A. Aase  
ordførar



## Plangrunnlag

I lovverket er det sett krav til innhaldet i kommuneplanen og til prosessen.

Kommunelova § 5 krev at kommunen skal utarbeida ein samordna plan for den kommunale verksemda. Planlegginga skal byggja på ei realistisk forventning om utviklinga i kommunen og kva ressursar som vil stå til rådvelde.

I plan- og bygningslova er det gitt nærmare reglar for kommuneplanlegging.

**Den kortsiktige delen**, også kalla handlingsprogrammet, er identisk med økonomiplanen. Økonomiplanen gjeld for 4 år og vert rullert kvart år. Tiltak som er foreslått i den langsiktige delen i kommuneplanen og som krev kommunale midlar, må innarbeidast i økonomiplanen.

**Den langsiktige delen** har normalt ein tidshorisont på 10-12 år. Delar av planen kan ha ein lengre tidshorisont.

Samnanger har delt arbeidet med kommuneplanen i to, **arealdelen** og **samfunnsdelen**. Arealdelen vart utarbeidd først, og den vart endeleg godkjend i 2006.

Kommuneplanen må sjåast i samanheng med anna planarbeid som skjer i kommunen. Sektor- og temaplanar, driftsplanar og økonomiske planar inngår alle som vesentlege element når ein skal trekkja opp retningslinjer for framtida i ein kommune. Planane vert heller ikkje til i eit vakuum; brukarundersøkingar og andre tilbakemeldingar frå innbyggjarane er vesentlege for dei prioriteringane og satsingane som vert gjort. Statlege føringar er også vesentlege styringssignal som må innarbeidast i kommuneplanen.

### Plan- og bygningslova, paragraf 20-1:

« Kommunen skal utføre løpende kommune-planlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innenfor sine områder.

I hver kommune skal det utarbeides en kommuneplan. Planen skal inneholde en langsiktig og en kortsiktig del.

#### Den langsiktige delen omfatter:


- mål for utvikling i kommunen,
- retningslinjer for sektorenes planlegging og en
- arealdel for forvaltningen av arealer og andre naturressurser.

#### Den kortsiktige delen omfatter:

- samordnet handlingsprogram for sektorenes virksomhet de nærmeste år.

Kommuneplanleggingen skal bygge på de økonomiske og øvrige ressursmessige forutsetninger for gjennomføring.

Det kan utarbeides arealplan og handlingsplan for del av kommunen og handlingsprogram for bestemte virksomheter. Minst en gang hver valgperiode skal kommunestyret vurdere kommuneplanen samlet, herunder om det er nødvendig å foreta endringer i den. »






## Folketalsutvikling

Nasjonale framskrivingar viser at Samnanger kommune vil få ein folkeauke i planperioden på i underkant av 100 personar. Veksten vert forsterka utover i planperioden, og etter denne framskrivinga er det vel 2500 samningars i 2025. Den største auken kjem i aldersgruppa 67 - 79 år, i tillegg vert det nokre fleire barn. Denne statistikken er bygd på middels nasjonal vekst.

Tilrettelegging for auka bustadutbygging og den positive utviklinga me har sett dei siste åra, gjer at me i Samnanger forventar større tilflytting og mindre utflytting. Me reknar då med ein større vekst i barnetalet samt i aldersgruppa 20 – 66 år.



## Kommuneøkonomi

Samnanger kommune er definert som ein liten kommune med middels bundne kostnader og middels frie disponible inntekter målt pr. innbyggjar. Ulike inntekter knytt til kraftutbygging bidreg sterkt til at det finst eit visst økonomisk handlingsrom i kommunen. I tillegg gjer småkommunetilskotet (5 mill. kr i 2007) i det statlege finansieringssystemet sitt til at kommunen kan gje tilfredsstillande tenester. Pågåande drøftingar om endringar i rammevilkåra både i høve til eigedomsskatt og ordninga med rammetilskot kan gje Samnanger mindre inntekter, noko som vil bety store utfordringar.

Tenestetilbodet som kommunane yter er svært arbeidsintensivt, 70 % av disponible driftsmidlar går til lønsutgifter. Rask omlegging av tenestetilbodet og satsing på nye område er derfor problematisk også økonomisk.

Det er eit omfattande etterslep på vedlikehald av dei fleste kommunale anlegg. På einskilde område må det skje forbetringar innan kort tid for at det ikkje skal medføra problem for vidare utvikling av kommunen. Dette gjeld særleg innan vegar og offentlege rom, avløp og bygningar. Innan vatn og avløp må det også til nye anlegg for å få tilrettelagt for vidare bustadbygging.



## Historiske utviklingstrekk



I 2007 har Samnanger kommune vore eigen kommune i 100 år. Før den tid var Samnanger ein del av Os kommune med Bjørnefjorden og Samnangerfjorden som naturlege ferdsselsårar.

### Viktige hendingar og folketal

1886 – Samnanger Uldvarefabrikk vart etablert på Tysse, og fekk etterkvart meir enn 300 tilsette.

1901 – Kraftutbygginga tok til på Frøland. Folkrike område i Bergen hadde behov for kraft til industri og utvikling av det moderne samfunnet. Mange samningar vart engasjerte i utbygginga og seinare i kraftproduksjonen til Bergen Lysverker.

1907 – Samnanger vart eigen kommune med Tysse som kommunesenter.

1910 - Folketalet det høgaste til no med 3025 innbyggjarar.

1886 – 1910 - Tettstaden Tysse vaks fram med mange små butikkar og småverksemder. Organisasjons- og lagsarbeid med både idrett, musikk og andre aktivitetar fekk også ei rivande utvikling.

1931 – Uldvarefabrikken brann ned, mange måtte flytta for å få seg anna arbeid. Innbyggjartalet gjekk ned til om lag 2200 innbyggjarar.

1939 - Samnanger fekk eigen prest og vart i 1949 eige prestegjeld. Kyrkja på Ådland vart bygd i 1851. Kyrkja på Haga stod ferdig i 1995.

1941 – A/S SAFA flytta strømpeproduksjonen til Samnanger, og dei har framleis produksjon her i tillegg til i Litauen.

1970 – Lågaste folketal med rundt 2180 innbyggjarar.

1975 – 1980 – Opprusting av veg til Bergen gjorde det naturleg for samningane å venda seg mot vest for å finna arbeid. Utpendling frå kommunen er 58,7 % .

1980-2007 - Folketalet har stabilisert seg rundt 2350. Sterk vekst i offentlege tenester.



## Samnanger i dag

### *Samnanger – ”bind saman Bergen og Hardanger”*

Samnanger er den kommunen som bind saman Bergen og Hardanger. I vest grensar kommunen mot Bergen, i aust mot Kvam, i sør mot Os og Fusa og i nord mot Vaksdal.

Rv 7 er hovudferdselsåra gjennom Samnanger via Hardanger til Oslo. Vegstandard og reisetid er vesentleg forbetra dei siste 30 åra.

Rv 48 frå Tysse til Eikelandsosen buktar seg framleis gjennom sentrum på Ytre Tysse. Ei rekke utbetringar er utført på denne vegen, og ny tunnel bak Tysse vil venteleg stå ferdig i 2012.


Fv 137 mot Os går forbi kommunen sitt næringsområde i Rolvsvåg. Vegen er forholdsvis smal, men er utbetra noko dei siste åra.

### *Busetnad – langs fjorden*

Dei tettast befolka områda finn me inst i fjorden. Største befolkningkskonsentrasjonen har ein frå Åland til Bjørkheim, og frå det nye bustadområdet på Lønnebakken til Haga og vidare til Tysse. Bjørkheim har dei siste 15 åra etablert seg som handelssenteret i kommunen, medan Tysse framleis er kommunesenteret.

### *Folketal*

Samnanger satsar på auke i folketalet. Ny barnehage på Gjerde er planlagt ferdig i 2008. Mange nye hus er bygde på Lønnebakken dei siste åra og vidare utbygging er under planlegging.





## Næring /arbeid – offentleg sektor er størst



God tilgang på arbeid i industrien og i kraftutbygginga over lengre tid førte til mindre behov for å etablera andre næringsverksemder. Unnataket var handelsnæringa på Tysse som fekk eit oppsving med auka folketal. I dag er det få butikkar igjen her, og Bjørkheim har teke over som handelssentrums.

Samnanger har den lågaste arbeidsplassdekninga i fylket, 58,7 % av dei yrkesaktive har arbeid utanfor kommunen. Nesten halvparten av arbeidsplassane i kommunen er i offentleg sektor. 25 % er sysselsette i industrirelaterte verksemder og 12 % i privat tenesteytande næringar.

84% av arealet i kommunen er bratt og ligg høgare enn 150 m.o.h. Samnanger kommune har derfor ikkje vore staden for storskala landbruk.

I dag finst nokre få mellomstore industriverksemder i kommunen. A/S SAFA med sin sokkeproduksjon er framleis største verksemrd. Faginnredning a/s er nest største verksemrd. Dei har etablert seg i det nye industriområdet i Rolvsvåg og lagar kjøkken- og spesialinnreiingar. I tillegg finst sørvisverksemder som motell og kafe, varehandel, bilverkstad, frisørar og entreprenørverksemder. Samnanger kommune er den største arbeidsgjevaren, av dei 209 tilsette her er ca. 150 busette i kommunen.

Samnanger har samarbeidd med Fusa og Os om rettleiingstenester til næringsdrivande og for å stimulera til auka næringsverksemrd i regionen.





## Samnanger Kommune - 100 år som tenesteytar i 2007

Tenestetilbodet som kommunane har ansvaret for, har utvikla seg frå å vera lite og til dels fråverande i første halvdel av 1900-talet til å verta særstak omfattande. Folkeskulen, helsevesenet (lege og jordmor) og fattigkassen vart gradvis innført i Noreg på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Tenestetilbodet har gjennomgått ei stor utvikling og omfattar no eit stort spekter av tenester til alle innbyggjarane frå ”vogge til grav”.

### Politisk organisering

Kommunestyret har 21 representantar. Under kommunestyret er det tre hovudutval: Personal og økonomiutvalet, Naturutvalet og Utvalet for oppvekst og omsorg.

I tillegg til hovudutvala er det også fleire andre utval/råd under kommunestyret: Kontrollutvalet, Klageutvalet, Arbeidsmiljøutvalet, Administrasjonsutvalet, Eldrerådet og Rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

Personal og økonomiutvalet er også formannskap og medlemmer her representerer arbeidsgjevar i Administrasjonsutvalet og i Arbeidsmiljøutvalet.

### Administrativ organisering

Frå 1996 har Samnanger kommune vore organisert med to administrative nivå; administrasjonssjefen og 8 sjølvstendige einingar. Kommunestyret har gitt administrasjonen vide fullmakter til å fatta vedtak i einskildsaker.

### 8 sjølvstyrte einingar:

*Gjerde skule*

*Nordbygda skule*

*Samnanger ungdomsskule*

*Sosial- og helseeininger*

*Eining for pleie- og omsorg*

*Eining for barnehagar (Gjerde og Nordbygda barnehage)*

*Eining for tekniske tenester*

*Eining for kultur*

### Interkommunalt samarbeid

Det har vore tradisjon for at Samnanger har samarbeidd mykje med nabokommunane. Tidlegare gjekk samarbeidet mot Kvam, Fusa, Os og Vaksdal. No er Regionrådet for Bergen og omland ein viktig arena for samarbeid på ulike felt. Regionrådet

omfattar dei 11 kommunane Askøy, Austevoll, Bergen, Fjell, Fusa, Os, Osterøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og Øygarden. Det er i dag felles landbrukskontor for kommunane Fusa, Os og Samnanger.



## Utfordringar – moglegheiter

### Velferd

Velferds politikken har som mål å sikra befolkninga gode levekår, helse og livskvalitet. Sjølv om me her til lands har ein sterk økonomi, vekkjer utgiftene til velferdstenestene bekymring. Ikkje minst ventar ein at utgiftene vil auka framover som følgje av utviklinga med aldring av befolkninga. Framtida vil krevja at omsorgstenestene samarbeider endå tettare med familie, lokalsamfunn og frivillige lag og organisasjonar.

Velferd handlar om ha moglegheit til å ta del i samfunnet og ha innverknad på eige liv. Framtidas velferdssamfunn føreset at alle bidreg med sitt.

#### Kva ser me:

- 💧 Aksjonsdemokrati. Færre engasjerer seg i dei formelle demokratiskane kanalane, men det er eit stort engasjement i konkrete saker som vedkjem ein direkte.
- 💧 Rettigkeitssamfunnet. Individet er i fokus, ofte i motsetnad til fellesskapet.
- 💧 Brukarmedverknad. Kravstore og kompetente brukarar av offentlege tenester.
- 💧 Større skilnader mellom folk og store sosiale utfordringar knytta til framandgjering og til rus og andre livsstilssjukdommar.
- 💧 Aldrande befolkning.
- 💧 Konkurranse om arbeidskrafta. Velferdstenestene er arbeidsintensive.
- 💧 Endringar i familiestrukturar - einehushaldningar, stor mobilitet, oppløysing av kjernefamilien - og endra livsstil gjer at det er behov for uformelle møteplassar.
- 💧 Folkehelsa – endra livsstil har ført til mindre fysisk aktivitet, noko som i neste omgang fører til helseproblem.





## Miljø

Eit aukande press på økosystemet fører til stadig større miljøutfordringar. Undersøkingar og analyser peikar i ei retning; bruken av fossile brensel i transportsektoren og i energiforsyninga kan ikkje fortsetja som i dag. Nivået på klimagassutsleppa gir stor grunn til bekymring. Noreg har gjennom Kyoto-avtalen forplikta seg til å ha eit visst nivå på utsleppa. Det inneber at alle må ta eit ansvar for at måla vert nådde. Vidare velferd må byggjast på ei berekraftig utvikling.

### Kva inneber det:

- 💧 Energiøkonomisk bustadbygging. Omgrep som lågenergibustader og passivhus gir alle uttrykk for ny tenking omkring utforminga av framtidas bustader. Fortetting av bustader og mindre husvære gir og miljøvinst.
- 💧 Miljøvenlege oppvarmingskjelder. Oppvarming av bustader står for ein stor del av utsleppa. Ny teknologi må takast i bruk for å få til reduksjon.
- 💧 Miljøvenleg transport. Auka bruk av kollektive transportmidlar og betre energiteknologi.
- 💧 Gjengroing av landskapet, eit resultat både av mildare klima og endra landbruksdrift.

## Næring

Noreg har ein økonomi der kunnskap, kompetanse og kreativitet er viktige innsatsfaktorar. Produksjonen i næringslivet har vorten stadig meir kunnskapsbasert. Den teknologiske utviklinga gjer at mange manuelle operasjonar er erstatta av maskiner. Internasjonalisering av produksjon og handel gjer at evne til å konkurrera på den internasjonale arenaen vert avgjerande for å kunna oppretthalda økonomisk vekst og velferd.

Ny teknologi gir moglegheiter for alternative måtar å organisera næringslivet på. For verksemndene ser me det ved at heile eller delar av primærverksemda vert flytta til utlandet. For individet ser me det i form av at heimplassen ikkje nødvendigvis er avgrensande i høve til arbeidsstad.

Med god privatøkonomi ser me og at forbrukarane stiller høge krav til kvalitet og til variasjon i produkta. Stadbundne næringar – ikkje minst knytta til matproduksjon - har her eit potensiale for vidare vekst. Veksten innan turisme og reiseliv verda over er stor. Det er få næringar som veks i same takt.

### Kva ser me:

- 💧 Konkurranse om arbeidskrafta.
- 💧 Internasjonal arbeidsmarknad.
- 💧 Ein stadig meir kunnskapsintensiv økonomi.
- 💧 Samarbeid mellom kunnskapsmiljøa og næringslivet.
- 💧 Medvetne forbrukarar.
- 💧 Ny teknologi gir nye moglegheiter.



## Internasjonalisering – *der folk møtest*

”Langt borte” finst knapt meir. Internasjonale relasjoner er på ingen måte lenger avgrensa til samhandling mellom land og store verksemder. Internasjonale relasjoner vedkjem både småverksemder, fylke, kommunar, einskildpersonar, det sivile samfunn og organisasjonar.

Det er ingen tvil om at Noreg er ein av globaliseringa sine vinnarar. Og det forpliktar. Noreg vil bidra til varige betringar i økonomiske, sosiale og politiske kår for befolkninga i utviklingsland. Fredskorpset arbeider for at det vert skapt kontakt og samarbeid mellom einskildpersonar, organisasjonar og institusjonar i Noreg og i utviklingslanda. Samarbeidet er bygd på solidaritet, likeverd og gjensidigheit.

Det er stor reiseaktivitet inn og ut av landet. For nordmenn flest skjer det i rekreasjonssamanheng, for folk frå andre nasjonalitetar skjer det også for å skaffa seg arbeid.

### Kva utfordringar får me:

- 💧 Fleirkulturelle lokalsamfunn – vera open og inkluderande.
- 💧 Solidaritet med dei som har minst.



I 2006 vart Samnanger kommune internasjonal kommune.



## Visjon



Samnanger har gode leve- og oppvekstvilkår.

Kvalitetane finn me i tilboda dei mange frivillige lag og organisasjonar gir, i naturen som innbyr til rekreasjon og gode opplevingar til fjells, i nærområdet og på sjøen og i gode kommunale tenester. Sidan lokalsamfunnet er lite og oversiktleg gir det og moglegheiter for den einskilde til å engasjera seg og påverka utviklinga i eige nærmiljø. I tillegg til det me har sjølv ligg storbyen Bergen nær oss med tilbod om alle typar aktivitetar både for arbeid og fritid.

Gjennom ulike tiltak i satsingsdråpane **levekår, bustadbygging/-utvikling, arbeid/næring, infrastruktur, kommuneorganisasjon og marknadsføring** vil kommunen utvikla seg til å verta ein endå betre og meir attraktiv stad å leva og bu.



Levekår  
-der du vil leva

*Levekår er her meint å omfatta alt som vedkjem fellesgoda i livet vårt.*

### "Frå vogge til grav og livslang læring"

Sentrale styresmakter set ei rekkje føringar på kva tilbod kommunen skal tilby innbyggjarane. Ny barnehagelov og rammeplan set krav til barnehageeigar om innhaldet. Kunnskapsløftet regulerer innhaldet i grunnskulane våre og føreset eit tett samarbeid med både barnehage og vidaregåande skular. Folkehelsa og psykisk helse skal forbetraast, og det skal vera kulturtilbod som alle kan delta i. Eldre skal ha ein trygg og meiningsfull alderdom. E-samfunnet og eit meir internasjonalt samfunn veks fram.

#### Hovudmål:

Samnanger kommune  
skal vera eit attraktivt  
og livskraftig samfunn  
for alle innbyggjarane





Dette har me fokus på:

*Medverknad og aktiv deltaking  
Fleirkulturelt samfunn og integrering  
Livslang læring  
Kulturtilbod til alle  
Folkehelsa  
Psykisk helse  
Tilgang til det digitale samfunnet*

### Dei fem delmåla:


- 💧 Alle skal oppleva at dei tilhører eit sosialt og inkluderande fellesskap.
- 💧 Samnanger skal ha gode tilbod til innbyggjarar i alle livsfasar.
- 💧 Samnanger kommune set barn og unge i fokus.
- 💧 Samnanger vil satsa på universell utforming slik at alle får tilgang til uteområde, parkar, vegar og bygningar på ein likestilt måte.
- 💧 Samnanger vil styrkja folkehelsa og innbyggjarane sitt mot til å ta vare på seg sjølve og kvarandre.

### Delmål

#### **Alle skal oppleva at dei tilhører eit sosialt og inkluderande fellesskap**

Samnanger skal vera ein god stad å leva. Folk flest skal kunna engasjera seg i lokalsamfunnet sitt. Medverknad og aktiv deltaking i utviklinga av nærmiljøet sitt og i kommunen er nødvendig for utviklinga av Samnanger.

Samnanger skal vera ein inkluderande kommune der det vert lagt til rette for at folk frå andre kulturar og alle sosiale lag vert integrerte og sett på som ein ressurs.



### Kva gjer me:

- 💧 Er pådrivar for oppretting av grendalag/velforeiningar og har eit aktivt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- 💧 Skapar ”nye” felles møteplassar som fremjar samhandling og dialog.
- 💧 Legg til rette for at det vert etablert ulike nettverk.
- 💧 Fokuserer på haldningsskapande arbeid om det å vera internasjonal kommune.
- 💧 Gjennomfører utvekslingsprosjekt med regionar i andre land. Nord-Sør arbeid.
- 💧 Ser innvandrarar som ein ressurs som tilfører kommunen nye tankar og ny kompetanse.



## Delmål

### Samnanger skal ha tilbod til innbyggjarar i alle livsfasar

Tilbod til alle innbyggjarar vert viktig om Samnanger skal få til ei aktiv deltaking av både unge og eldre. Barn og unge uavhengig av sosiale lag treng kulturtildob som fremjar deira kreativitet og kunstnariske uttrykk. Utvikling av kulturskuletilbod må derfor skje utan at prisen for å delta ekskluderer nokon.

Generasjonsovergripande kulturaktivitetar vert viktigare sidan mange ikkje har nære slektningar i kommunen. Eldre vert sprekare seniorar, og dei treng aktivitetar og varierte fritidstilbod. Kunst og kultur er også særskilt viktig i behandlinga av psykisk sjuke.

I barnehagane vert det satsa på den kulturelle nistepakken, i skulen på den kulturelle skulesekken. I samband med ein ny kulturplan kan den kulturelle spaserstokken verta innført. Tilbod til den moderne barndom og særskilt til ungdom vil gje nye utfordingar. Viktig vert då tilgang til det digitale samfunnet som opnar for nye måtar å bruka biblioteket og nå tak i kulturtildob som eksisterer i Samnanger og i Bergen.

#### Kva gjer me:

- 💧 Utarbeider kulturplan med kulturtildob til alle. Fokus vert m.a. på
  - turstiar / kulturstiar
  - fleir brukshall / idrettshall
  - kulturvern
  - framtidssretta bibliotek
  - ulike aldersgrupper; kulturell nistepakke, -skulesekk, -spaserstokk
  - vidareutviklar kulturskulen, spesielt for ungdom og nye kunstuttrykk
- 💧 Legg til rette for det digitale samfunnet.
- 💧 Legg til rette for meiningsfulle aktivitetar.
- 💧 Samarbeider med lag og organisasjonar om allsidige generasjonsovergripande fritidstiltak.





## Delmål

### Samnanger kommune set barn og unge i fokus

Barn og unge er ein av dei viktigaste ressursane for Samnanger. Kommunen har ansvar for å tilby barnehagetilbod til dei som ønskjer det. Livslang læring startar i barnehagen, og Samnanger si satsing "*ein god start*" set mål for det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Det skal leggjast til rette for at overgangen frå barnehage til skule vert god.

Opplæringa held fram med det 13-årige løpet og kunnskapsløftet i botn. I Samnanger har grunnskulane visjonen "*Ein stad å vera, ein stad å læra*". I tillegg har Samnanger som ekstra mål å få flest mogleg barn og unge interessert i realfag og småkraft gjennom satsinga "*VATN – kreative krefter*".

Den vidaregåande opplæringa skjer utanfor kommunen, men mange bur heime i denne tida.

Gode fritidstilbod, spesielt for ungdom, vert viktig. Tilgang til det digitale samfunnet er ein føresetnad for at barn og unge kan delta i den moderne barndommen. Barn og unge treng eit godt og tilgjengeleg helgestasjonstilbod der dei kan få råd og rettleiing på område som opptek dei. Alle skal ha rett til ein meiningsfull kvardag.

### Kva gjer me:

- 💧 Har god kvalitet på tenestene og kompetanse hos tilsette som arbeider med barn og unge.
- 💧 Gjennomfører Kvalitetsplanen for barnehagane med visjonen "*ein god start*."
- 💧 Gjennomfører Kunnskapsløftet i skulane med visjonen "*ein stad å vera, ein stad å læra*".
- 💧 Satsar på realfag og småkraft med "*VATN – kreative krefter*".
- 💧 Gir barn og unge høve til å delta i det digitale samfunnet uavhengig av sosiale tilhøve.
- 💧 Barnehagar, skular og andre institusjonar skal ha fysisk aktivitet kvar dag og ha fokus på sunn mat.
- 💧 Har nulltoleranse for mobbing.
- 💧 Etablerer positive møte med barn frå andre land og kulturar samstundes som eigen kultur og identitet vert styrka.
- 💧 Vidareutviklar helgestasjonen – meir tverrfagleg samarbeid med særskilt fokus på rus, ernæring, fysisk og psykisk helse.
- 💧 Tar i bruk rusførebyggjande tiltak i grunnskulen og utviklar opplegg i samarbeid med idrettslag og andre frivillige lag og organisasjoner.





## Samnanger vil satsa på universell utforming (UU) slik at alle får tilgang til uterom, parkar, vegar og bygningar på ein likestilt måte

Universell utforming er bra for alle og nødvendig for nokre. Skal Samnanger få til samfunnsmessig likestilling, må kommunen vera med å skapa eit samfunn for alle. Barnehagar, skular, bibliotek, kommunehus og andre offentlege bygg må kunna brukast av dei fleste. Uteområde med kulturminne, friluftsområde og idrettsanlegg bør ha løysingar for alle. Like viktig vert det å leggja til rette for at alle kan få tilgang til det digitale samfunnet.

### Kva gjer me:

- 💧 I all planlegging og utbygging skal UU og estetiske omsyn vektleggjast.
- 💧 Etablerer fellesrom / møteplassar (eks. miljøgata på Tysse) med UU.
- 💧 Utformar turvegar og kulturminne i tråd med UU.
- 💧 Utviklar IKT-system og tenester med UU kvalitet.
- 💧 Aukar medverknad og deltaking frå Rådet for funksjonshemma, og brukar rådet sin kompetanse i kommunen sitt planarbeid.
- 💧 Tilbyr digital kompetanse.





## Delmål

**Samnanger vil styrkja folkehelsa og innbyggjarane sitt mot til å ta vare på seg sjølve og kvarandre**

Folkehelsa til samningane i alle aldrar skal forbetraast gjennom helsetiltak og fysisk aktivitet. Helse og trivsel heng saman, og særskilt må dei som er lite fysisk aktive motiverast til ein meir aktiv livsstil. Psykisk helse skal meir fram i dagen, og tiltak av ulikt omfang for folk i alle aldrar vert viktige. Skuleungdom som ”droppar” ut, er utbrente og einsame aukar i omfang. Sosiale helseskilnader vert viktige å utjamna. Lågterskeltilbod i lokalsamfunnet i samarbeid med lag og organisasjonar skal gje fleire høve til å delta. Sosial inkludering vert viktig.

### Kva gjer me:

- 💧 Legg til rette for fysisk aktivitet for alle; ”opp av stolen”.
- 💧 Legg til rette for aktivitet i bumiljø, barnehage, skule og arbeidsplass.
- 💧 Driv folkeopplysning og kurs om helsegevinsten ved sunn mat og fysisk aktivitet.
- 💧 Har tilbod om fysisk aktivitet for psykisk sjuke.
- 💧 Har fysiske aktivitetstilbod som interesserer og er tilrettelagde spesielt for ungdom.
- 💧 Har tilbod om fysisk aktivitet på arbeidsplassen.
- 💧 Kommunale institusjonar skal ha fysisk aktivitet kvar dag og ha fokus på sunn mat.
- 💧 Psykisk helse – ikkje sjølvsagt, etablerer meiningsfulle aktivitetar og nettverk.





## Bustad utbygging / utvikling

Samnanger ønsker fleire innbyggjarar. For å få dette til må det byggjast fleire husvære og det må innflytting til. Tomtesalet og utbygginga i eksisterande felt har gått snarare enn tenkt, og det hastar med å skaffa nye byggjeklare tomter.

Endringar i familiemønster med m.a. fleire einslege og større mobilitet krev andre buformer enn det tradisjonelt har vore i Samnanger. Planlegginga må leggja til rette for stor grad av variasjon i tilbodet både med tanke på storleik på husvære og eigarskap, utforming av bustaden og buminljøa.

For å vera konkurransedyktig må bustadtilboden i Samnanger vera minst like godt som det er i Bergensregionen elles. Me må kunna konkurrera på område som pris, buminljø, tomtestørleik, estetikk og nytenking både innan teknologi og bruk av energikjelder.

### Hovudmål:

I Samnanger  
skal det finnast attraktive  
og varierte bustadtilbod





### For å få det til har me følgjande **delmål**:

- 💧 Det skal vera variasjon i bustadmassen.
- 💧 Tilgjengeleg areal til bustadføremål i alle delar av kommunen.
- 💧 Alle større bustadfelt skal planleggjast med tanke på universell utforming, estetikk, miljøomsyn og framtidsretta teknologi.
- 💧 Bustadområda må gje plass for menneske i ulike livsfasar.

### **Delmål**

#### **Det skal vera variasjon i bustadmassen**

Nesten heile bustadmassen i Samnanger er einebustadar, eit fåtal av desse har og ein mindre utleigedel. A/S SAFA har ein del utleigehusvære i ulike storleikar. Etterspurnaden etter mindre husvære er klart til stades, noko utbygginga i Brendahaugen, på Lønnebakken og i Helgatona viser.



### **Kva gjjer me:**

- 💧 I dei større bustadfelta skal det alltid opnast opp for bygging av fleirbustadhus.
- 💧 I mindre bustadfelt skal spørsmålet om fleirbustadhus drøftast i samband med utarbeiding av reguleringsplan.
- 💧 Kommunen vil ta initiativ til at ulike modellar for burettslag og sameige vert presentert for innbyggjarane.




## Delmål

### Tilgjengeleg areal til bustadføremål i alle delar av kommunen

Dei tettast befolka områda finn me langs fjorden; Tysse - Haga - Steinsland – Lønnebakken og Bjørkheim. Elles i kommunen er busetnaden meir spreidd.

Det er sett av areal til større bustadutbygging på Lønnebakken og Reistad. I tillegg er det i arealdelen av kommuneplanen lagt opp til fleire små bustadfelt i dei fleste grendene i kommunen.



Utdrag frå arealplanen

#### Kva gjer me:

💧 Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdatert oversikt over byggjeklare tomter/ tomteareal med planstatus og eigartilhøve. Informasjonen vil vera tilgjengeleg på kommunen sine heimesider samt i ekspedisjonen i kommunehuset.

💧 Kommunen vil vera i kontakt med grunneigarar som har avsett areal til bustadføremål for å få avklara korleis dei ønskjer å utnytta arealet sitt.



## Delmål

### Alle større bustadfelt skal planleggjast med tanke på universell utforming, estetikk, miljøomsyn og framtidsretta teknologi

Universell utforming er forming av produkt på ein slik måte at dei kan brukast av alle. Bustader, fellesområde og uteareal skal nyttast av eit breitt spekter av menneske; barn, eldre, syns- og rørslehemma i tillegg til spreke 20-åringar. Gjennom aktiv tenking omkring universell utforming vil ein lukkast i å få til tiltak i buområda som er bra for alle og heilt nødvendig for nokre.

#### Kva gjer me:

- 💧 Buområda i kommunen skal opplevast som vakre og gode.  
Estetisk kvalitet skal dyrkast fram gjennom aktiv bruk av plan- og bygningslova
- 💧 Universell utforming må koma tidleg med i planlegginga. Berre på den måten vil me lukkast i å finna fram til løysingar som vert allment aksepterte og som let seg gjennomføra.
- 💧 Minst eit av bustadområda skal utbyggast etter bebyggelsesplan. Det gjer at tomtekjøparane vert tryggare på korleis området vert bygd ut.
- 💧 I større byggjefelt skal det leggjast til rette for bruk av alternative miljøsparande energikjelder.

## Delmål

### Bustadområde må gje plass for menneske i ulike livsfasar

Gjennom ulike livsfasar har menneske ulike behov også når det gjeld bustad. Det har tidlegare vore liten tradisjon for å byta bustad etter at ein har vorten vaksen. Tendensen er no at godt vaksne ønskjer mindre og meir lettstelte bustader. I tillegg gjer også oppløysing av familiar det nødvendig å skaffa seg ny bustad. Problemstillingane for dei ulike gruppene er ulike med tanke på økonomi, plassbehov, moglegeheter til eigeninnsats og spesielle behov for tilrettelegging

Somme har det slik at dei av helsemessige eller andre grunnar må ha hjelp til å koma inn på bustadmarknaden. For dei har kommunen eit særleg ansvar.

#### Kva gjer me:

- 💧 Bustadsosial handlingsplan vert sluttført i 2007. Tiltak her som inneber kommunale midlar skal innarbeidast i økonomiplanen.
- 💧 Det må m.a. leggjast opp til utbyggingsmønster og finansiering som gjer det mogleg for alle å få ein plass å bu.



## Arbeid /næring Nyskaping og bygdeutvikling


Det har vore liten tradisjon i Samnanger for å starta eiga verksemd. Meir enn halvparten av dei yrkesaktive reiser ut av kommunen for å arbeida. Dei fleste arbeidsplassane i kommunen har tilknyting til lokale ressursar eller tradisjonar som vasskraft og anleggsdrift.

Nærleiken til arbeidsmarknader i andre kommunar gjer det lett å bu i Samnanger og arbeida andre stader, som f.eks. i Bergen. Med ei reisetid på 45 min. eller mindre til Bergen sentrum, er det mange som finn eit pendlarliv heilt ok. Lang arbeidsreise er ikkje eit godt alternativ for alle, det vera seg av omsyn til eiga helse, omsorgsfunksjonar e.l. Både av omsyn til desse, men like mykje for utvikling av kommunen, er det viktig at det finst eit aktivt næringsliv.

Med stor mobilitet i befolkninga er det viktig å utvikla utfordrande og spennande jobbar som gjer at ungdommen finn seg arbeid i Samnanger.

### Hovudmål:

Samnanger kommune skal vera ein aktiv samarbeidspart med næringslivet for å styrkja eksisterande verksemder og for å få etablert nye arbeidsplassar





### **Delmål:**

Samnanger kommune skal

- 💧 ha ledige tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid.
- 💧 nytta næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling.
- 💧 ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet.
- 💧 leggja til rette for bygdeutvikling.

### **Delmål:**

**Samnanger kommune skal ha tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid**

Utviding av eksisterande verksemder er viktig for å få styrkja næringslivet, men sidan det frå før er få verksemder i kommunen, må det nye til dersom me skal få ein vesentleg auke i talet på arbeidsplassar.

### **Kva gjjer me:**

💧 Utviklar det kommunale industriområdet i Rolvsvåg. Med planlagde investeringar i vatn og avløp ligg det vel til rette for vidare tilrettelegging.

💧 Erfaringsmessig er det ulike ønskje frå etablerarar med tanke på tomtestorleik, grad av tilrettelegging m.m., noko som vert teke omsyn til i vidare planlegging.





## Delmål:

**Samnanger kommune skal nytta næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling**

Som del av kompensasjon for kraftutbygginga i kommunen vart det etablert eit næringsfond. Fondet får ein årleg tilførsel av midlar. I følgje vedtekten kan midlane nyttast som tilskot til investeringar hos næringsverksemder og til kommunale fellestiltak. Det er visse avgrensingar i bruken knytt til verksemder som mottek større overføringer over statsbudsjettet.

Samnanger kommune inngår frå 2007 i ordninga med distriktpolitiske verkemiddel. Dvs. at verksemdene i kommunen kan få tilskot direkte.

### Kva gjer me:

- 💧 Vedtekten for kommunalt næringsfond skal fornyast, m.a. må det opnast opp for at det er plass til alle næringar.
- 💧 Kommunen må arbeida aktivt for å få eksterne midlar til utvikling av infrastruktur og til fellestiltak til utvikling av næringslivet, samt for å få meir midlar direkte til verksemder.

## Delmål:

**Samnanger kommune skal ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet**

Samnanger kommune har gjennom mange år ytt råd- og rettleiingstenester til næringsdrivande gjennom deltaking i interkommunale ordningar. I den seinare tid har det vore saman med kommunane Fusa og Os.

### Kva gjer me:

- 💧 Etablerer faste møte mellom kommuneleiinga og næringsdrivande.
- 💧 Tek dei næringsdrivande med i aktuell kommunal planlegging.
- 💧 Avklarar med dei næringsdrivande om det er behov for Samnanger næringsforum og kva rolle dei ønsker at kommunen evt. skal ha.
- 💧 Oppmuntrar til og støttar opp under ideutvikling og gründerverksemde.
- 💧 Etablerer eit nytt interkommunalt samarbeid om næringsutvikling.





## Delmål:

### Samnanger kommune skal leggja til rette for bygdeutvikling

Kommunane har ein del verkemiddel som er viktige og kanskje avgjerande for om det vert etablert ny næringsverksemder. Arealdisponering er nok i så måte det mest sentrale. Gjeldande arealplan vart vedteken i 2006 og den skal reviderast i løpet av komande kommunestyreperiode.


Forbrukarane etterspør lokale matvarer, nisjeprodukt og opplevelingar knytt til tradisjonar. Framveksten av gardsbutikkar og system for sporing av opphavsprodusent viser at det er rom for småskalaproduksjon på gardane. Også dei minste brukarne har her moglegheit for å få eit ekstra inntektsgrunnlag.

Ny teknologi og gode prisar gjer at det ligg vel til rette for småkraftverk. I Samnanger er det eit stort potensiale for slik utbygging.



#### Kva gjer me:

- 💧 Nyttar potensialet som ligg i bygdene.
- 💧 Arealplanen må gje rom for bygdeutvikling i tilnyting til stadbunden næring som
  - reiseliv
  - småkraftverk
  - spesialprodukt knytt til landbruk
- 💧 Etablerer kompetansesenter for småkraft. Senteret vil gje aktørane i bransjen eit sikrare grunnlag for viktige avgjerder. Senteret og brukarane av det vil og etterspørja varer og tenester som gjer at det lokale næringslivet får utvida marknaden sin.



## Infrastruktur Framtidsretta, trygt og miljøvennleg

Miljøutfordringane er store og krev endringar i levemåten også i Samnanger. Reduksjon av utslepp frå bilar krev betre tilrettelegging for kollektivtrafikken, eit busetnadsmønster som krev mindre transport og etablering av tenester som gjer det mogleg å nytta ny teknologi.

Rv 48 held ikkje mål etter dagens standard. Trafikken her har auka med utbetringar lenger sørvest, og tunnel bak Ytre Tysse er ei høgt prioritert oppgåve. Rv 7 har også store utfordringar, både i form av problematiske utkjørslar, breidde, stigningsforhold og manglande gang- og sykkelveg.

Det kjem stadig strengare krav til drikkevassforsyning og til utslepp. Det er ei utfordring å byggja ut / rehabilitera VA-anlegg i tråd med utviklinga. Nye bustadområde krev ein infrastruktur som er funksjonell og framtidsretta. Auka miljøkrav krev rehabilitering av gamle avløpsanlegg, f.eks. delar av anlegget på Tysse.

### Hovudmål:

Samnanger kommune  
sin innsats  
innan infrastruktur  
skal gje eit godt, trygt og  
framtidsretta tilbod





### **Delmål:**

- 💧 Lokalsamfunnet må gjera seg nytte av framtidsretta teknologi.
- 💧 Samnanger skal vera føregangskommune på miljøretta energi.
- 💧 Det skal vera god standard på offentlege vegar. Vegar med blanda trafikk skal vera godt tilrettelagde for mjuke trafikantar.
- 💧 Samnanger kommune skal ha eit oversiktleg vegnett.
- 💧 Det skal vera eit godt og tenleg kollektivtilbod.
- 💧 Kommunale VA-anlegg skal halda høg kvalitet der miljøomsyn vert prioriterte.

### **Delmål**

#### **Lokalsamfunnet må gjera seg nytte av framtidsretta teknologi**

Datateknologien har påverknad på nær sagt alle samfunnsområde, det er derfor viktig at den kan brukast av flest mogleg. Det er særleg tre føresetnader som må liggja til grunn for dette: at det er tilgang for alle, at løysingane er universelt utforma, og at menneska har kompetanse til å ta løysingane i bruk. Lukkast me ikkje med dette, vil me heller ikkje som samfunn lukkast med å ta i bruk dei store moglegeheitene den nye teknologien gir oss som samfunn og som enkeltmenneske.

#### **Kva gjer me:**

- 💧 Kommunen vil sjå til, og om nødvendig yta økonomisk tilskot, slik at dei fleste innbyggjarane i kommunen får tilgang til breiband.
- 💧 Kommunen vil prioritera verksemder som nyttar/utviklar ny teknologi.
- 💧 Kommunalt tilsette skal halda seg oppdaterte og ta i bruk ny teknologi på alle område.





## Delmål

### Samnanger skal vera føregangskommune på miljøretta energi

Samnanger kommune tek mål av seg til å vera føregangskommune på miljøretta energi. Det inneber både å ha fokus på fornybar energi, men også på energiøkonomisering. For tida vert det arbeidd på fleire område for å utnytta vasskrafta som finst i kommunen på ein betre måte. Det er alt etablert mange små kraftverk, og fleire er under planlegging. Kompetansesenter for småkraft er også under planlegging. I tillegg ønskjer kommunen at andre energiløysingar som jordvarme, varme frå fjorden m.m. i større grad vert tekne i bruk.



#### Kva gjer me:

- Utarbeider klima- og energiplan for kommunen.
- Kommunen skal ta i bruk energianalysar av større kommunale bygg.
- Kommunen skal i forvaltninga si og i eiga drift søkja å fremja løysingar som er berekraftige.
- Arbeider vidare for god bruk av skogressursane.
- Aukar kunnskapen blant innbyggjarane om aktuelle og viktige miljøutfordringar og kva som er gode løysingar.
- I nye bustadfelt skal det etablerast infrastruktur som oppfordrar til å nytta alternative miljøvenlege energiløysingar.





## Delmål

**Det skal vera god standard på offentlege vegar. Vegar med blanda trafikk skal vera godt tilrettelagde for mjuke trafikantar**

Vegane i kommunen må halda ein standard som ikkje gir fare for liv og helse. Samstundes gir god vegstandard arbeidsreisa enklare for til dømes pendlarane. Aukande trafikk gjennom kommunen skapar trafikkfarlege situasjonar, særleg der lokaltrafikken møter gjennomgangstrafikken. Auka trafikk og høgare fart skapar også vanskar for dei mjuke trafikantane.



### Kva gjer me:

- 💧 Kommunen vil øva påtrykk på Statens Vegvesen og fylkeskommunen for at vegnettet i kommunen vert utbetra. Hovudfokuset vil vera meir trafikksikre løysingar. Det inkluderar både utbygging og vedlikehald.
- 💧 Rv 48 må rustast opp, tunnel bak Ytre Tysse må på plass. Vegenmed samarbeider aktivt med nabokommunane for at tiltaket vert realisert innan 2012.
- 💧 Kommunen vil gjennomgå kriteria for kva vgar som skal vera kommunale. Plan for opprusting og omklassifisering skal utarbeidast.
- 💧 Kortare reisetid til Bergen er viktig. Arnatunnelen er i så måte eit viktig bidrag. Kommunen vil arbeida aktivt for at denne vert realisert.
- 💧 Trafikksikringsplanen skal til ei kvar tid ajourhaldast. Målsetjinga er å få avdekka og utbetra trafikkfarlege punkt. Tiltak i planen må innarbeidast i økonomiplanen.



## Delmål

### Samnanger kommune skal ha eit vegnett som er oversiktleg

På ulike måtar har mangel på adresser – vegnamn – vorte meir og meir ein hemsko. Legar og ambulansepersonell har problem med å finna fram. Næringsdrivande har problem med at leverandørar og kundar ikkje finn fram til verksemndene.

#### Kva gjer me:

- Kommunestyret har vedteke namn på vegane i kommunen. Skilting vil verta gjennomført i løpet av 2008

## Delmål

### Eit godt og tenleg kollektivtilbod

Tid og regularitet i tillegg til pris er kritiske faktorar i høve til bruk av kollektive transportmiddel. Med den store utpendlinga er det viktig at det vert lagt betre til rette for bruk av kollektivtransport knytt til arbeidsreiser, hovudsakleg i retning Bergen, men også til Fusa der mange har arbeidet sitt. Nærleiken til Bergen gjer også at mange samningar nyttar kulturtilboda der og fleire bussavgangar på kveldstid vert etterspurd.



#### Kva gjer me:

- Arbeider for at Arna vert kollektivt knutepunkt.
- I samarbeid med fylkeskommunen og transportørane må kollektivtilbodet aukast.
  - Fleire ruter internt i kommunen.
  - Bussavgangar til/frå Bergen med 1 times intervall.
  - Fleire avgangar på kvelds- og nattbussen frå Bergen i helgane.
- Kommunen vil gjennom ulike fora og i fråsegner øva påtrykk for at dobbelt jernbanespor til Bergen vert bygd snarast.
- Kommunen vil støtta opp under arbeidet for høgfartsbane Bergen – Oslo.



## Delmål

### Kommunale VA-anlegg skal halda høg kvalitet der miljøomsyn vert prioriterte

Sentrale styresmakter og ikkje minst innbyggjarane krev gode kommunale tenester også innan vatn og avløp. Med oppgraderinga av vassverket i Rolvsvåg held vassverkstasjonane høg kvalitet. Delar av VA-nettet er gammalt og til dels i svært dårlig stand. På avløpssida er det varsle nye reinsekrav, noko som krev opprusting av stasjonane.

#### Kva gjør me:

- 💧 Får kartlagt standarden på VA-nettet, inkl. å få det kartfesta.
- 💧 Lagar ny kloakkrammeplan.
- 💧 Utarbeider plan for vidare utbygging av nettet.





## Kommuneorganisasjon -veldriven og flink med folk

### "Engasjement og kvalitet"

I botn for eit fungerande demokrati ligg eit engasjement blant folket. Dei siste kommunevala i Noreg har vist ein tilbakegang i valdeltakinga, og slik har det også vore i Samnanger.

Føresetnaden for at ein skal ha utvikling, er at det finst engasjement. Samnanger har vedteke å vera eigen kommune og å satsa på interkommunalt samarbeid. Behovet og brukarane sine krav til kvalitet på tenestene endrar seg i tråd med samfunnsutviklinga. Kommuneorganisasjonen må derfor vera i utvikling og tilpassa tenestene i tråd med behova hos innbyggjarane.

### Hovudmål:

Samnanger kommune  
skal vera ein  
funksjonell og  
handlekraftig organisasjon





### Delmål:

#### I Samnanger ønskjer me å ha

- 💧 eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar.
- 💧 ei funksjonell politisk organisering.
- 💧 høg kvalitet på kommunale tenester.
- 💧 tilsette som trivst og er stolte av arbeidsplassen sin.

### Delmål:

#### I Samnanger ønskjer me å ha eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar

Levande lokalparti er føresetnaden for høg valdeltaking og eit representativt kommunestyre. Samnanger treng i framtida aktive innbyggjarar med gode relasjonar til dei folkevalde. Innbyggjarane må få tilrettelagt ”møtepunkt” der dei kan kontakta folkevalde og få respons på innspela sine. Informasjon om kommunen si verksemd gjennom lokale media og kommunen si heimeside skal resultera i betre dialog med innbyggjarane og betre kjennskap til kommunen sine aktivitetar.



### Kva gjer me:

- 💧 Finn fram til tiltak som aukar valdeltakinga.
- 💧 Set i verk tiltak for nyrekrytting til lokalpolitikken.
- 💧 Syter for spreiing av verv.
- 💧 Etablerer ein politisk styringsmodell som fremjar engasjement.
- 💧 Legg til rette for kommunikasjon mellom innbyggjarane og alle folkevalde, f.eks. ved at folkevalde er tilgjengelege på e-post/telefon/blogg.
- 💧 Gir informasjon i lokalavisa og på heimesida, for å sikra meiroffentlegheit og innsyn i den kommunale verksemda.
- 💧 Lagar brosjyre og info-avis om aktuelle tema som f.eks. årsmelding og budsjett m.m.
- 💧 Samarbeider aktivt med velforeiningar/grendalag/frivillige organisasjonar.
- 💧 Utviklar ”møteplassar” for dialog med innbyggjarane (døgnopen kommune - mellom anna ved aktiv bruk av internett).



## Delmål:

### I Samnanger ønskjer me å ha ei funksjonell politisk organisering

Me ønskjer å utvikla ein kommuneorganisasjon som vert styrt av engasjerte politikarar og driven av dyktige leiarar og medarbeidrarar med god kompetanse. Det skal vera meiningsfullt å vera folkevald. Den politiske organiseringa må derfor leggja til rette for politisk aktivitet og godt samarbeid med administrasjonen. Administrasjonen skal vera lojal, partipolitisk nøytral og fagleg uavhengig. Kommunen må ha ein effektiv organisasjon. Det skal skje ved god politisk styring og kontroll med relativt stor administrativ fridom.

#### Kva gjer me:

- 💧 Måler trivselen blant alle folkevalde og følgjer opp resultatet.
- 💧 Legg til rette for initiativ og aktivitet blant folkevalde.
- 💧 Legg til rette for effektiv møteleiing.
- 💧 Har gode rutinar for oppfølging, alternative framlegg til vedtak m.m.
- 💧 Definerer og lagar skriftlege spelereglar for tilhøvet mellom politikk og administrasjon – tydeleg delegasjon.
- 💧 Har politisk kontroll over budsjetten og gode kontrolltiltak og system for varsling.
- 💧 Driv aktiv eigarstyring og har brukarmedverknad.
- 💧 Gjennomgår/evaluerer organisasjonsstrukturen.
- 💧 Er opne for interkommunalt samarbeid.






## Delmål:

### I Samnanger ønskjer me å ha høg kvalitet på kommunale tenester

Samnanger er tent med å ha ein effektiv administrasjon med eit profesjonelt forhold til innbyggjarane. Tiltrua til at kommunen er effektiv og har god økonomistyring har stor verdi. Tilfredse brukarar er kjenneteiknet på at kommunen leverer tenester med høg kvalitet.

Det er også viktig at innbyggjarane har tiltru til at dei får likeverdig behandling av kommunen. Direkte medverking frå brukarar og aktive brukarutval vert avgjerande for samspelet mellom kommunen og innbyggjarane om kva som er opplevd kvalitet, sørvis og informasjon.



### Kva gjer me:

- Etablerer eit fleksibelt og effektivt tenesteapparat med klare utviklingsmål.
- Sikrar godt tilgjengelege tenester.
- Har god økonomistyring.
- Sikrar god sørvis og rask sakshandsaming.
- Har regelmessige brukarundersøkingar og aktive brukarutval.
- Utviklar reiskapar for å vurdera kommunale tenester.
- Brukar målretta styring.
- Sikrar god kompetanse, særleg innan planlegging og beredskap.
- Styrkar teknisk eining på det som har med vedlikehald av bygg og grøntareal å gjera ("grøn" mann / kvinne).
- Vert gode på informasjon og meir- offentlegheit.
- Har gode rutinar og gir god informasjon i samband med handsaming av saker.
- Er gode på interkommunalt samarbeid.



## Delmål:

### I Samnanger ønskjer me å ha tilsette som trivst og er stolte av arbeidsplassen sin

Omdømmet til arbeidsplassen har stor innverknad på korleis tilsette ser på arbeidsplassen sin. Korleis tenestene vert utførte og politikarane sitt syn på dette har størst innverknad på om omdømmet til kommunen vert positivt eller negativt. Politikarar og tilsette må derfor etablera eit fellesskap der det vert vist respekt og stoltheit for arbeidet som vert utført i heile kommuneorganisasjonen.



#### Kva gjer me:

- 💧 Har eit godt samarbeid internt i organisasjonen og mellom tilsette og politikarane.
- 💧 Vert meir synlege overfor innbyggjarane – ”gjera dei usynlege tenestene meir synlege”.
- 💧 Etablerer ein felles organisasjonskultur med fokus på lojalitet, motivasjon og effektivitet.
- 💧 Tilbyr konkurransedyktige vilkår.
- 💧 Nyttar media til å marknadsføra arbeidet til kommunen.
- 💧 Utgir intern infoavis med fokus på felles mål og utvikling av verksemda.
- 💧 Etablerer tiltak som gjer tilsette stolte over arbeidsplassen sin.
- 💧 Arrangerer felles velferdstilbod.
- 💧 Fokuserer på psykososialt arbeidsmiljø - tilsette skal ha eit meiningsfullt arbeid.
- 💧 Satsar på helseøkonomiske tiltak og driv aktivt med skadeførebygging.



## Marknadsføring


**Samnanger har mykje godt å by på og har plass til fleire**

Med forankring i visjonen vår - *Samnanger der du vil leva og bu* - og det faktum at kommunen ønsker tilflytting og større aktivitet må kommunen gjerast betre kjend. Me lever i dag i eit mediesamfunn der informasjonsflyten er enorm. Å koma gjennom med bodskapen vår er derfor ikkje lett, og det krev streng prioritering og målretting både med tanke på kva som skal informerast om, kven som er målgruppa og korleis det skal gjerast.

Samnanger må i all informasjon få fram den sentrale lokaliseringa – kommunen som bind saman Bergen og Hardanger. Bynært bygdeliv har mange gode kvalitetar for folk i alle livsfasar, noko som det må fokuserast særleg på.

### Hovudmål:

Gjennom aktiv  
marknadsføring skal  
Samnanger gjerast kjent





### Delmål:

- Møtet med Samnanger kommune skal gje identifikasjon og gjenkjenning.
- Samnanger kommune skal ha eit godt omdømme.
- Skapa felles identitet og ivareta det særeigne for Samnanger.

### Delmål:


#### **Møtet med Samnanger kommune skal gje identifikasjon og gjenkjenning**

Samnanger er ei vakker vestlandslandsbygd med fjella, fjorden, kulturlandskapet og bygdene. Dei gode kvalitetane som finst i lokalsamfunnet og det som er særmerkt for Samnanger må me få fram for innbyggjarane og for tilreisande.

Det må leggjast vekt på å presentera dette på ein god måte, og folk må gjerast merksame på at dei er komne til Samnanger.

### Kva gjer me:

- Lagar plan for profilering av Samnanger.
- Som ein del av denne planen vert det laga ein eigen plan for skilting/informasjonstavler som også næringsdrivande vert innbydde til å nytta.
- Har regelmessige ryddeaksjonar langs vegane.
- Ryddar skogen slik at me får god utsikt.
- Forskjørar fellesromma.
- Lagar retningslinjer for skilting og lyssetjing av bygningar.





## Delmål:

### Samnanger kommune skal ha eit godt omdømme

Kommunale tenester er ein viktig del av dagleglivet til dei fleste i alle livsfasar, og då vert møte med dei ulike tenestene vesentleg for kva oppfatning den einkilde har av kommunen. Formidling av dette vil vera med å skapa omdømmet til Samnanger.

#### Kva gjer me:

- 💧 Har god kvalitet på tenestene.
- 💧 Gir god sørvis.
- 💧 Byggjer opp felles organisasjonskultur som
  - fokuserer på det positive
  - set brukaren i sentrum
- 💧 Informerer aktivt om kva kommunen gjer, både internt i kommuneorganisasjonen og til innbyggjarane.
- 💧 Finn fram til og nyttar oss av einkildpersonar som er gode ambassadørar for Samnanger.

## Delmål:

### Skapa felles identitet – ivareta det særeigne for Samnanger

Skal Samnanger vera eit samfunn som ønskjer å tiltrekka seg nye innbyggjarar er det viktig å stå fram som eit fellesskap. Samnanger er framleis ukjend for mange i nærområdet vårt sjølv om fleire av dei gjerne kjenner til Eikedalen, Tysse eller Bjørkheim.

#### Kva gjer me:



- 💧 Nyttar dråpen som samlande symbol.
- 💧 Gjennomfører idékonkurranse for å få fram slagord/motto for kommunen. Slagord vert hugsa, og vil vera med å setja Samnanger på kartet.



## Vedlegg til kommuneplan 2007 – 2017

### Oversikt over aktuelle planar

### Vedteken


Arealplan for Samnanger kommune 2005 - 2015	08.02.06
Økonomiplan for Samnanger kommune 2007 – 2010	14.12.06
Ruspolitiske handlingsplan for Samnanger kommune 2007 - 2011	20.02. 07
Psykiatriplan 2007 – 2010	10.04.07
Smittevernplan	01.01.04
Den kulturelle skulesekken 2004 – 2007	04.05.07
Strategi for skulane i Samnanger kommune 2005 – 2008	01.03.05
Barnehageutvikling – saman om ein god start	10.04.07
Handlingsplan for eldreomsorga 2003 – 2007	28.08.03
Hovudplan for vassforsyning	16.12.99
Lønspolitiske plan for Samnanger kommune	April 06
Plan for beredskapsarbeidet i Samnanger kommune	21.02.02



## Vedlegg til kommuneplan 2007 - 2014

### Om arbeidet med planen

Personal- og økonomiutvalet v. ordføraren har hatt ansvar for utarbeiding av samfunnsdelen av kommuneplanen. Medlemmane i utvalet danna saman med to andre kommunestyrerepresentantar prosjektgruppa for samfunnsdelen av kommuneplanen. Medlemmane i prosjektgruppa fekk ansvar for kvar sin satsingsdråpe. Dei valde seg sine eigne arbeidsgrupper.



Magda Haugen har vore sekretær for arbeidet i store delar av prosessen. I tillegg har adm.sjef og ass. adm.sjef delteke aktivt i utforminga av planen.

Planarbeidet har vore gjennomført i perioden august 2005 til juni 2007.

#### Bileta i planen er tekne av:

Inge Aasgaard  
Gullborg Aasgaard  
Jan Bjarne Sverresvold  
Samningen  
Astrid Holmefjord  
Jan Erik Boge  
Hilde-Lill Våge  
Tone Ramsli